

Retningslinjer for tildeling av kommunale bustadar i Lom kommune

Innhold

Retningslinjer for tildeling av kommunale bustadar i Lom kommune	1
1. Retningslinjer for tildeling av kommunale bustadar til vanskelegstilte	2
Vilkår for tildeling av kommunale bustadar til "vanskelegstilte":	2
Prosess:.....	2
2. Retningslinjer for tildeling av kommunale gjennomgangsbustadar ("prøvebu")	3
Vilkår for tildeling av kommunale bustadar definert som gjennomgangsbustadar:	3
Prosess:.....	3
3. Retningslinjer for tildeling av omsorgsbustadar	4
Vilkår for tildeling av omsorgsbustadar:	4
Prosess:.....	4

1. Retningslinjer for tildeling av kommunale bustadar til vanskelegstilte

Ein kommunal bustad er i utgangspunktet eit midlertidig tilbod om å leige ein bustad frå Lom kommune. Du kan søkja om å leiga kommunal bustad om du ikkje klarer å skaffa eigna bustad sjølv eller med anna offentleg hjelp. Oppfyller du krava og vert prioritert, vil du få tilbod om leige. Kommunale bustader er av ulik storleik og standard.

Definisjon: Vanskelegstilte er dei som sjølve eller ved anna hjelp ikkje er i stand til å skaffe seg bustad. Helsemessige, inntektsmessige og sosiale forhold blir vektlagt.

Prosess:



Vilkår for tildeling av kommunale bustadar til "vanskelegstilte":

- Søkjar må gå inn under kategorien "vanskelegstilte"
- Søkjar må vere utan eigna bustad.
- Søkjar må vere over 18 år.
- Søkjar må bu i kommunen eller melde flytting til Lom ved tildeling av bustad.
- Søknaden må vere skriftleg.
- Det skal alltid vere ein beredskapsbustad tilgjengeleg.
- Bytte av bustad kan innvilgast dersom det er gode grunner til det (t.d. behov for meir plass på grunn av fleire barn). Ingen har krav på å få bytta bustad. Varigheita på utleigekontrakta blir overført ved bytte av bustad.

Prosess:

- Bustadgruppa sakshandsamar og gjev vedtak om tildeling av kommunal utleigebustad
- Utleigekontrakten blir inngått for inntil tre år i fyrste omgang. Deretter blir det gjort ny vurdering og eventuelt inngåelse av forlenga kontrakt.
- Oppsigelsesfristen skal vere tre månadar til opphør ved utløpet av ein kalendermånad jamfør Husleigeloven. Leigetakar kan seie opp med 1 måned varsel.

2. Retningslinjer for tildeling av kommunale gjennomgangsbustadar ("prøvebu")

Ein kommunal bustad er i utgangspunktet eit midlertidig tilbod om å leige ein bustad frå Lom kommune i inntil tre år. Kommunale bustader er av ulik storleik og standard.

Prosess:



Vilkår for tildeling av kommunale bustadar definert som gjennomgangsbustadar:

- Søkjar må vere over 18 år.
- Søkjar må bu i kommunen eller melde flytting til Lom ved tildeling av bustad.
- Søknaden må vere skriftleg.
- Dersom det er mange som ynskjer å leige same bustad, så må kommunen ta ei skjønsmessig vurdering av kven som skal få tilbodet. Eigne tilsette og folk som ynskjer å busette seg i Lom kommune på lang sikt vil bli prioritert høgt.
- Bytte av bustad kan innvilgast dersom det er gode grunner til det (t.d. behov for meir plass på grunn av fleire barn). Ingen har krav på å få bytta bustad. Varigheita på utleigekontrakta blir overført ved bytte av bustad.

Prosess:

- Bustadgruppa sakshandsamar og gjev vedtak om tildeling av kommunal utleigebustad.
- Utleigekontrakta blir inngått for inntil tre år i fyrste omgang. Deretter er det høve til å søkje Lom kommune om å få forlenga fristen med eitt år om gongen.
- Oppsigelsesfristen skal vere tre månadar til opphør ved utløpet av ein kalendermånad jamfør Husleigeloven. Leigetakar kan seie opp med 1 måned varsel.
- Ved ledig bustadmasse står bustadgruppa fritt til å leige ut dei kommunale bustadane i kortare periodar, t.d. som utleigebustad til sesongarbeidarar. Dersom det er andre personar som treng bustad i same periode og som fell inn under retningslinjene som nemnt over, kan Lom kommune si opp avtala med 1 måned varsel.

3. Retningslinjer for tildeling av omsorgsbustadar

Ein omsorgsbustad er ein tilrettelagt bustad, slik at bebuarane kan meistre kvardagen sin på ein tilfredsstillande måte. Omsorgsbustadane er tilrettelagt for orienterings- og forflytningshemma.

Omsorgsbustader er ikkje fast bemanna, men bebuarane kan få tildelt andre kommunale tenester på individuell basis, slik andre heimebuande får.

Tilbod om omsorgsbustad er ikkje lovpålagt, men i "Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester" m.m. §3-7 (boliger til vanskeligstilte) står det: Kommunen skal medvirke til å skaffe boliger til personer som ikkje sjølv kan ivareta sine interesser på boligmarkedet, herunder boliger med særlig tilpasning og med hjelpe- og vernetiltak for dem som trenger det på grunn av alder, funksjonshemming eller av andre årsaker.

Prosess:



Vilkår for tildeling av omsorgsbustadar:

- Skriftleg søknad sendast til: Lom og Skjåk tildelingskontor.
- Søkjar har behov for eit trygt bumiljø.
- Søkjar har behov for tilrettelagt bustad, slik at han/ho kan oppretthalde evna til sjølvhjelp og gjennom dette ha mindre behov for hjelp til dagleglivets aktivitetar.
- Søkjar har eit omsorgsbehov, jf. IPLOS-kartlegging. (Individbasert pleie- og omsorgsstatistikk, lovbestemt helseregister med data som beskriv ressursar og bistandsbehov til søkjar om eller mottek nærare definerte helse- og omsorgstenester).
- Den noverande bustaden til søkjar må vere vurdert i forhold til funksjonsnivået han/ho har.
- Ein forventar at søkjar kan ha ei leigeavtale over tid. Det blir gjeve tidsbestemt husleigeavtale, men ikkje for kortare tid enn tre år (jamfør Lov om husleigeavtaler).
- Søkjar må bu i kommunen eller melde flytting til Lom ved tildeling av bustad.

Prosess:

Lom og Skjåk tildelingskontor fattar vedtak om omsorgsbustad i Lom kommune. Dette blir gjort i tverrfagleg samarbeid med heimetenesta i Lom. Vaktmeistertenesta i samarbeid med heimetenesta har ansvar for å syne fram bustaden, dersom dette er eit ynskje frå leigetakar.